

**Endeleg vart det brukbare snøtilhøve i Fjellhaugen og onsdag arrangerte Omvikdalen idrettslag karusellrenn. Som vanleg var det god deltaking også frå UIL, tilsaman 18 deltakarar:**

I jenter 8 år var Sigri Lekva med og jenter 10 år hadde Emma M. Ripel på deltakarlista.

I gutar 9 år finn vi Pål I. Haugland, Fredik Haugland, William Hjørnevåg, Olve Simonnes Tveit og Torbjørn Haugland.

Matias Nilsen Børve var deltakar i gutar 10 år og i 11-årsklassa for jentene vart Silje Soldal og Saima K. Døssland nummer 1 og 2 med 9,10 og 9,48.

I gutar 11 år vann Jostein Soldal på tida 9,11 og Brynjar Vigrestad vart nr. 2 med 10,21 og Tørres Lekva nummer 3 med 10,32. Jonathan Taranger var nummer 5 med 13,31.

Viljar Simonnes Tveit vann gutar 12 med 7,58 og Veslemøy Haugland jenter 14 med 13,06. Gutar 16 vart vunne av Tord Sæle på 17,39 foran Johannes Haugland på 18,54.

Pål Haugland i klasse 65-70 gjekk på 21,28

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen